

Kar framleis i Syria?



President Erdogan vil no vise at han er sterkare enn landsfaderen Atatürk (på portrettet i bakgrunnen), ikkje ulikt president Trump, som skal «gjere Amerika stort igjen.» Det sjølvstyrte kurdiske området i Syria ligg i vegen for tyrkisk ekspansjon sørover. Foto: NTB scanpix

rar for Daesh brukte flyplassen i Istanbul og den porøse tyrkiske grensa for å slutte seg til Daesh i Syria.

Professor Phillips, den tidlegare presidentrådgivaren, er skarpere: «Sjølv om styresmaktene nektar, finst det eit fjell av bevis for at Tyrkia sørgde for våpen, pengar og logistikkstøtte til islamistane i Syria frå og med 2014.»

KVA VIL ERDOGAN?

I dag er det ikkje så interessant å spørje om Tyrkia har væpna islamistgrupper i Syria, eller om Tyrkia okkuperer ein del av Syria. Spørsmålet er: Kva er drivkrafta bakom?

President Erdogan snakkar

ofte om at Tyrkia har ein historisk rett til den nordlege delen av Irak: Mosul-provinsen i Det osmanske riket. Tyrkiske soldatar er der òg. Tyrkia har den same historiske retten til den nordlege delen av Syria. Tyrkiske TV-stasjonar viser Tyrkia-kart med grensene frå Den nasjonale pakta som parlamentet vedtok i 1920.

General Mustafa Kemal, med tilnamnet Atatürk, utforma denne pakta, som var grunnlaget for sjølvstendekrigen. Atatürk vann krigen. I 1923 grunnla han den nye staten. Så bøyde han av for England og Frankrike, og godtok eit mindre Tyrkia.

President Erdogan vil no vise

at han er sterkare enn Atatürk. Han liknar på USA-president Trump som skal «gjere Amerika stort igjen». Det sjølvstyrte kurdiske området i Syria, som heller ikkje Daesh klarte å erobre, ligg framleis midt i vegen for tyrkisk ekspansjon sørover.

Atatürk bygde ein sekulær stat. Erdogan, som er islamist, forsikrar no at Tyrkia ikkje vil forråde korkje dei turkmenske eller dei sunni-arabiske brørne sine i Mosul-området. Han gjer religiøs brorskap til eit ekstra argument for å utvide Tyrkia.

Erdogan har gått seg fast i ei hengemyr, seier professor Phillips: «Syria blir Erdogans Waterloo.» Det same seier kurdiske leiarar. Dei kan få rett, og dei kan ta feil. Erdogan vil nok gjerne overgå Atatürk og overta mest muleg av Nord-Syria og Nord-Irak. Foreløpig brukar han berre litt av militærmakta han rår over.

Så langt har korkje statsminister Solberg, forbundskanslar Merkel eller andre NATO-allierte sett foten ned. Erdogan kan bli den første statssjefen i NATO som flytter eigne grenser med krig.

Erling Folkvord er tidlegare sosialarbeidar og representant på Stortinget og i Oslo bystyre for partiet Raudt.



IS skifta til FSA-uniformer i staden for å yte motstand. Jarablus vart «frigjort» frå IS så å seie utan eit einaste skot, seier professor David L. Phillips. Foto: AP/NTB scanpix

Fiktivt

Eit tenkt intervju med Therese Johaug

Kva vil du ha for å bli glad?

Kva med gleda, då, Therese?

– Gleda?

– Du klarar kanskje ikkje tenkje så mykje på gleda no?

– Eg skal vere glad når den her saka er ute av verda, seier ho.

– Ja, seier eg.

– Og glad når verda er ferdig med den her saka.

– Ja.

– Noko anna? Noko litt meir her og no? Ei hakke, til dømes?

– Sa du «ei hakke»? spør Therese.

– Eg sa «ei hakke», ja. Og det ligg ikkje noko vondt i det. Tvert imot. Kjenner du til ein stad som heiter Gjerdsвика?

– Gjerdsвика? Therese ristar på hovudet.

– Gjerdsвика er kan hende den mest vindharde bygda i Noreg. Folk som bur der, ber gjerne med seg hakke utandørs, når vinden er som hardast. For ikkje å blåsa bort. Og vinden står jo ganske hardt no, gjer han ikkje?

Therese nikkar: – Jo. Eg kunne trenge ein liten opptur.

– Og kva er ein liten opptur?

– Litt sein vinter. Litt snø. Stille skog. Kaldt og klart. Eit skispor.

– Høyres fint ut, seier eg.

– Ja, seier ho.

– Buddhaen skal ha sagt ein gong at dikt skal leie deg til fred, men kan hende er eit skispor betre eigna? Eit som går inn i æva.

– Du går ikkje på ski?

– Ikkje sidan ungdomsskulen. Eg blei kald og våt og sjuk, og det var det. Men her snakkar vi om eitt lag med klede og ujamne stavar.

– Kva med vottar? Langundertøy?

Eg ristar på hovudet. – Men du, seier eg. – Eg veit jo ingenting om å vere best i verda. Og ingenting om å ville vere det. Og enda mindre om å tru at eg kan bli det. Eg står opp til det same. Kvar dag.

– Gjer ikkje alle det? seier Therese.

– Nokon meir enn andre, svarar eg. – Eg bur i fjerde etasje, og blir fort kortpusta om eg må opp og ned nokre gonger.

– Kvifor må du opp og ned fleire gonger?

– Mange grunnar. Gløymt nøklane. Sjekke om eg har låst. Osb.

– Du er eit litt nevrotisk menneske?

– Er ikkje alle?

– Nokre meir enn andre, seier Therese.

Eg må sjå ned.

– Men eg er svært glad i sport, altså, men berre på skjermen og berre når vi vinn, som Jokke syng.

– Er det i «Her kommer vinteren»? Eg likar den, seier Therese.

– Eg kan tenkje meg at du, om du var ein av karakterane i *Game of Thrones*, var ho eine som fryda seg over at vinteren var på veg.

– Heilt klart, seier Therese.

– Kan òg tenkje meg at du ville flydd frå kvitvandrarane på ski.

– Trur eg òg, men det hadde kome an på terreng og smurning.

– Ja? Kva smurning trur du gjer seg best på den andre sida av muren?

– Veit ikkje, seier ho. – Men vi finn vel ut av det ein dag.

– Ja, seier eg.

Vi ser ut vindauget. Himelen er blå, med ei sky her og der. Bakken er grå, med ei stakkars sjel her og der.

– Kan jo hende, litt fram i tid, at heile den her prosessen blei eit bryne for deg, eit som skjerpa deg for alt som skal kome sidan.

– Tenkjer du sånn om verda?

– Ikkje eigenleg, svarar eg.

– Ikkje eg heller, seier Therese.

– Nei, seier eg.

– Men inst i hjartet er det jo det her eg brenn for, held ho fram.

– Eg vil tilbake. Eg vil det.

– *Winter is here*, seier eg.

– Alltid, seier Therese.



NILS-ØIVIND HAAGENSEN

Nils-Øivind Haagensen er forfattar og forleggar.